



# Plan for trygt og godt skulemiljø for elevane i Hjelmeland kommune

Oppfølging av opplæringslova kapittel 9A  
Revidert plan etter lovendring 01.08.17

---

Hjelmelandsskulen sin visjon: ***Gjera kvarandre gode!***



# INNHALD

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
Mål for Hjelmelandsskulen .....	3
<b>2. Lovgrunnlag .....</b>	<b>4</b>
<b>3. Hjelmelandsskulen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø .....</b>	<b>5</b>
<b>3.1. Å fremme eit trygt og godt skulemiljø, og førebygge mobbing/krenkande åtferd.....</b>	<b>6</b>
3.1.1. Tiltak for arbeid med sosial kompetanse .....	6
3.1.2. Foreldrerolla og oppgåver til foreldrekontaktane .....	6
3.1.3. Årshjul (sjå og vedlegg) .....	7
<b>3.2. Handtering av mobbing og anna krenkande åtferd.....</b>	<b>8</b>
3.2.1. Aktivitetsplikt .....	8
3.2.2. Melde saka til fylkesmannen .....	9
3.2.3. Ordensreglement .....	9
3.2.4. Informasjonsplikt .....	9
<b>VEDLEGG:</b>	
- Årshjul for arbeidet med å fremme eit trygt og godt skulemiljø og førebygge mobbing/krenkande åtferd.....	10
- Plan/årshjul for miljøfremjande tiltak ved Hjelmeland skule.....	13
- Plan/årshjul for miljøfremjande tiltak ved Fister skule.....	15
- Plan/årshjul for miljøfremjande tiltak ved Årdal skule.....	16

# 1. INNLEIING

Hensikta med å skape eit trygt og godt skulemiljø er å gi best moglege vilkår for ein god oppvekst og gode læringsmoglegheiter for den enkelte elev. Eit trygt og godt skulemiljø har avgjerande betydning for begge delar. Det viktigaste arbeidet føregår i skulen si daglege verksemd. I tillegg er det nødvendig å ha målretta tiltak for å fremme trivsel og førebygge mobbing og andre krenkingar. Til slutt må skulane og ha konkrete planar for korleis dei handterer dei akutte sakene.

## **Fremme trygge og gode skulemiljø**

Det vil alltid vere det generelle, gode daglege arbeidet i skulen som er beresøyla for eit godt og trygt skulemiljø. Her må tilsette, elevar og føresette bidra i lag.

## **Førebygge mobbing og andre krenkingar**

For å verkeleggjere nulltoleranse mot mobbing og krenkingar, er det nødvendig å ha nokre konkrete tiltak som skal virke førebyggjande. Desse skal minske risikoen for at mobbing og andre krenkingar skjer.

## **Handtere mobbing og andre krenkingar**

Dersom elevar opplever at deira skulemiljø ikkje er trygt og godt, skal alle skulane ha planar for korleis dei handterer dette. Planane skal vise korleis ein avdekkjer, stoppar og følgjer opp desse sakene. Dei nasjonale retningslinene frå departement, utdanningsdirektorat og fylkesmann er retningsgivande for dette arbeidet.

## **Kva er mobbing?**

Det er fleire definisjonar på kva mobbing er. Utdanningsdirektoratet har frå 2016 nytta følgjande i samband med elevundersøkinga: «*Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast*». På [www.udir.no/nullmobbing](http://www.udir.no/nullmobbing) kan ein finne meir informasjon.

Konflikt er ikkje alltid lett å skilje frå mobbing, men er noko grunnleggjande anna. I ei konflikt er det to omtrent like sterke elevar som er ueinige, ertar kvarandre, kranglar eller slåss. I og med at det ikkje alltid er like lett å vite om to elevar er i konflikt med kvarandre og er jevnbyrdige, eller om det dreier seg om mobbing, er det viktig å og ta slike saker alvorleg. Dersom ei sak dreier seg om ei konflikt, er det viktig å få partane til å lytte til kvarandre, snakke saman og bli einige om ein avtale.

## **Mål for Hjelmelandsskulen:**

- Alle skal trivast og føle seg trygge på skulen.
- Skulane har nulltoleranse for mobbing/krenkande åtferd. Dette gjeld og krenking på ulike sosiale media.
- Me skal følgje skulen sine reglar for god åtferd.
- Me skal vise respekt for kvarandre og for at me er ulike.
- Dei vaksne skal sjå kva som skjer, gripe inn og setje grenser.
- Alle har ansvar for å seie i frå når dei oppdagar krenkande åtferd.
- Arbeidet for trygt og godt skulemiljø er ein kontinuerleg prosess.
- Me skal gjera kvarandre gode!

## 2. LOVGRUNNLAG

Kapittel 9A i opplæringslova vart revidert gjeldande frå 01.08.17. Den omhandlar elevane sitt skulemiljø, og er det lovmessige grunnlaget for alt arbeidet skulen gjer for å få elevane til å ha det bra saman med sine medelevar og lærarar, slik at ingen opplever mobbing, trakassering, utestenging eller andre overgrep. Blant endringane er ein tydeleggjering av skulen og dei vaksne sitt ansvar for eit trygt og godt skulemiljø.

Denne planen er meint å vere eit verktøy i Hjelmelandsskulen sitt arbeid med å sikre alle elevar eit trygt og godt skulemiljø.

Når er skulemiljøet trygt og godt? Det er barnet si subjektive oppleving som ifølge opplæringslova kapittel 9A skal leggjast til grunn når skulen skal vurdere om barnet sin rett til eit trygt og godt skulemiljø er ivareteke. Dersom eleven ikkje opplever å ha det bra på skulen, plikter skulen å setje inn tiltak. FN sin barnekonvensjon artikkel 12 er tydeleg på barn sin rett til å bli høyrte. Både FN sin barnekonvensjon og opplæringslova kapittel 9A fortel oss om rettane barn og unge har til eit skulemiljø utan mobbing og andre krenkingar.

### **Opplæringslova kapittel 9A. «Elevane sitt skulemiljø»:**

(...)

#### **§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø**

*«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»*

#### **§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid**

*«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.»*

#### **§9A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø**

*«(...). Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.(...)»*

(...)

Opplæringslova i sin heilskap: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Med «skulemiljøet» snakkar ein både om det fysiske miljøet (jf. opplæringslova § 9 A-7) og det psykososiale miljøet på skulen. Med det psykososiale miljøet meiner ein dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det handlar òg om elevane si oppleving av læringssituasjonen. Denne planen omhandlar det psykososiale miljøet. I alt arbeid for å få eit trygt og godt skulemiljø er det viktig at dei vaksne ved skulen er gode klasseleiarar.

Det er rektor ved den enkelte skule som har det overordna ansvar for å sette i verk nødvendige lokale rutinar og tiltak, for å sikre at elevane ved skulen har eit trygt og godt skulemiljø.

### 3. HJELMELANDSSKULEN SIN PLAN FOR EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Planen omfattar tiltak for å fremme eit trygt og godt skulemiljø, tiltak for å førebygge mobbing/krenkande åtferd og korleis ein skal handtere mobbing/krenkande åtferd. Planen skal evaluerast årleg før nytt skuleår.

	TILTAK
<b>Å fremme eit trygt og godt skulemiljø, og førebygge mobbing/krenkande åtferd</b>	Arbeid med sosial kompetanse på skulane (mellom anna « <i>Mitt valg!</i> »).
	Fokus på klasseleing og relasjonar.
	Foreldrerolla og oppgåver til foreldrekontaktane. Heim-skule-samarbeid.
	Elev- og utviklingssamtalar.
	Årshjul for arbeid med å fremme godt skulemiljø og førebygge mobbing/krenkande åtferd.
	Plan/årshjul for miljøfremjande tiltak ved den enkelte skule.
	Elevmedverknad, gjennom m.a. elevråd, Jf. <b>opplæringslova §9 A-8</b> : «Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. (...)»
	Tett samarbeid med skulehelsetenesta. Involvering i samtalar kring tiltak.
	Aktiv bruk av sosialrådgjevar på ungdomsskulen.
	Anna tverretatleg samarbeid, gjennom m.a. oppvekstteam og SLT-modellen (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak).
Ordensreglement.	
<b>Handtering av mobbing/krenkande åtferd</b>	Retningsliner/prosedyrar jf. opplæringslova §9A-4. Sjå krisepermen/ <a href="http://www.kriseportalen.no">www.kriseportalen.no</a> og <a href="https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/">https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/</a>
	Sosialrådgjevar er med i handtering av saker på ungdomsskulen.

### **3.1 Å FREMME EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ, OG FØREBYGGE MOBBING/KRENKANDE ÅTFERD**

Nokre av dei viktigaste nøklane til å sikre eit trygt og godt skulemiljø er:

- god leiing av skulen, ein hensiktsmessig organisasjon og ein felles kultur for læring
- positive relasjonar mellom vaksen og elev med gode, vaksne rollemodellar
- dei vaksne si evne til å leie klasser og grupper med tydelig regi og struktur i undervisninga og god styring av den sosiale samhandlinga mellom elevane
- positive relasjonar mellom elevane som fører til at dei utviklar deira sosiale kompetanse og er deltakarar i eit sosialt fellesskap
- samarbeid med føresette der skule og heim formidlar dei same verdiane og har same positive forventningar til barn og unge

Å arbeide med skulemiljøet inneber ikkje berre å motarbeide ikkje ønska hendingar. Det er vel så viktig å ha fokus på ferdigheiter som bidrar til å bygge den enkelte elev og skulemiljøet. Skulen skal difor drive eit bevisst og førebyggjande arbeid med å utvikle den sosiale kompetansen hjå den enkelte elev, i klassane og i skulen som heilskap. Haldningsskapande arbeid vert og viktig. Samarbeid med foreldra, og foreldrerolla, har stor betydning i utvikling av haldningar og sosial kompetanse hjå elevane.

#### **3.1.1 Tiltak for arbeid med sosial kompetanse**

- Samarbeid med skulehelsetenesta.
- Faste fellessamlingar for elevane på skulen.
- Å vera høfleg og grei er ein del av ordensreglane til skulen.
- Arbeide systematisk med «Mitt valg!», eit pedagogisk verkty for å auka elevane sin sosiale kompetanse.

Me brukar «Mitt valg!» på barneskulen slik:

- Gjennomsnittleg ein leksjon annakvar veke i kvar klasse/gruppe.
- Erfaringsdeling på teammøta.
- Bruke ein del leikar frå leikeboka der det passar, m.a. i gym, fysak, alternativ til å springe runden m.m.
- Ha eigne temaveker kring tema frå «Mitt valg!».
- Generelt fokus på å vere greie med kvarandre.

Me brukar «Mitt valg!» på ungdomsskulen slik:

- Ein midtime i veka skal gå til arbeid med sosial kompetanse, der «Mitt valg!» er eit hovudelement.
- På sikt skal leksjonar og leggst inn i fagplanane.
- Erfaringsdeling på teama.

#### **3.1.2 Foreldrerolla og oppgåver til foreldrekontaktane**

**Det er viktig at dei vaksne bryr seg. Dette forventar me skjer i heimen:**

- Snakk positivt om skulen, dei tilsette, medelevane og andre føresette. Dette bidreg til eit positivt læringsmiljø.
- Snakk med barnet ditt og sei tydeleg ifrå om kva du meiner om mobbing.
- Korrigjer og rettlei barnet dersom de høyrer negative ytringar om andre barn.
- Forklar at tause støttespelarar hjelper mobbaren.

- Hjelp barnet til å få vener og å vere ein god ven, og møt ditt barn sine vener med tillit.
- Ta kontakt med skulen ved mistanke om at ditt barn, eller andre sine barn vert plaga.
- Ha god dialog med dei andre føresette.
- Gjer deg kjent med reglar for godt "nettvet". Snakk med barnet ditt om konsekvensar av å ikkje følge reglar for bruk av sosiale media.
- Vert kjent med dei andre føresette i klassen.
- Oppfordre alle føresette å komme på foreldremøte.
- Les skriv frå skulen.

Anbefalte nettsider: [www.fug.no](http://www.fug.no) (Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Heim-skule-samarbeid)  
[www.udir.no/nullmobbing](http://www.udir.no/nullmobbing) (Informasjon til barn/unge og foreldre om mobbing)

### Oppgåver til foreldrekontaktane:

- Planlegge foreldremøte saman med kontaktlærer/ane.
- Bør planlegge og gjennomføre minst eitt foreldremøte i året utan lærar/skulen. Invitere med aktuelle samarbeidspartnarar, slik som skulehelsetenesta.
- Gjennomføre sosiale tilstellingar for klassen i løpet av året.
- Dersom ein ynskjer kan ein gå gjennom årsplanar og lærestoff saman med lærarane og peike på informasjonsbehovet foreldra har.
- Halde god kontakt med elevane og vurdere kva føresette kan gjere for å utvikle eit godt miljø i gruppa. Trekke elevane mest mogleg med i kontakten mellom heim og skule.
- Ivareta elevane og føresette sine interesser når det oppstår saker som gjeld heile gruppa, f. eks. spørsmål om skyss- og trafikkforhold osb.
- Ha god kontakt med alle føresette i gruppa og formidle deira idear og synspunkt til dei rette instansane.
- Legge fram saker som FAU vil høyre føresette si meining om –skriftleg eller munnleg.
- Sørge for at nye foreldrekontaktar vert valde og at desse vert informerte om sine oppgåver.

### 3.1.3 Årshjul

Årshjul for arbeid med å fremme godt skulemiljø og førebygge mobbing/ krenkande åtfærd, samt plan/årshjul for miljøfremjande tiltak ved den enkelte skule, er ein del av planen. Ein finn desse årshjula bak i dokumentet som vedlegg.

## 3.2 HANDTERING AV MOBBING OG ANNA KRENKANDE ÅTFERD

### 3.2.1 Aktivitetsplikt

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. For å sikre elevane denne retten, har skulen ein aktivitetsplikt etter opplæringslova § 9 A-4:

#### **§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø**

«Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.»

#### **§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev**

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren.

Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.

Skulen og dei tilsette har ein aktivitetsplikt i møte med elevar som fortel at dei ikkje har eit trygt og godt miljø på skulen. Skulane har følgjande retningsliner for handtering av dette:

Skulen si aktivitetsplikt er delt i fem handlingsplikter. Alle som arbeidar på skulen har plikt til:

1. å *følge med*
2. å *gripe inn*
3. å *varsle* viss dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har vidare plikt til:
4. å *undersøke* og
5. å *setje inn eigna tiltak* som sørger for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

(<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/aktivitetsplikt/#dokumentere>)

Aktivitetsplikta inneber at skulen skal sørge for elevane si medverknad. Involverte elevar skal bli høyrte, og barnet sitt beste skal vere grunnleggjande i skulen sitt arbeid. Skulen må ta omsyn til barnet sitt beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta.

Det er krav om at skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan når det skal setjast inn tiltak i ei sak, og at skulen dokumenterer kva som vert gjort for å oppfylle aktivitetsplikta:



«Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.» (Opplæringslova §9-A-4)

Krava til dokumentasjon gjer at skulen seinare kan vise kva dei har gjort, og det kan mellom anna bidra til ein fagleg forsvarleg og formålstenleg praksis ved skulane.

Skulane i Hjelmeland kommune finn prosedyrane på handtering av mobbing i krisepermen. Krisepermen er skulen sitt formelle verkty for å handtere både kollektive og individuelle kriser, samt å undersøkje hendingar. I tillegg finn både skulen og foreldre informasjon på <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>

### 3.2.2 Melde saka til fylkesmannen

Dersom elev eller føresette meiner skulen ikkje har gjort nok for å sikre at eleven har eit trygt og godt skulemiljø, kan dei melde saka til fylkesmannen i det fylket eleven og føresette bur, jf. *opplæringslova* § 9 A-6. Dette må skje under følgjande føresetnader, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg:

- først må saka vere teke opp med rektor på skulen
- det må ha gått minst ei veke etter at saka er teken opp med rektor
- saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

### 3.2.3 Ordensreglement

#### **Opplæringslova § 9 A-10. Ordensreglement**

«Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, (...).

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.»

Hjelmeland kommune har utarbeidd eit ordensreglement som gjeld for alle skulane. Når tiltak vert fatta, er det viktig at reaksjonar mot den som har utøvd krenkande ord eller handlingar er i tråd med ordensreglementet.

### 3.2.4. Informasjonsplikt

Skulen skal informere elevar og føresette om opplæringslova kap. 9-A og om ordensreglementet, jf. «årshjul for arbeidet med å fremme eit trygt og godt skulemiljø og førebygge

#### **§ 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg**

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i kap. 9A. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6. Dersom skolen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det. Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. (...).

**VEDLEGG:**

**ÅRSHJUL FOR ARBEIDET MED Å FREMME EIT TRYGT OG GODT  
SKULEMILJØ OG FØREBYGGE MOBBING/KRENKANDE ÅTFERD**

TID	PLANLAGDE TILTAK	KVEN	ANSVAR
Heile året	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på klasseleiing og systematisk arbeid relatert til skulemiljø.</li> <li>• Elevsamtalar kor spørsmål om sosiale relasjonar, vennskap, inkludering, mobbing, utestenging og trakassering er tema, og ein gjev personlege mål for sosial kompetanse til kvar elev.</li> <li>• Intern prosedyre for nye elevar til skulen, både ved start av skuleåret og dei som eventuelt kjem i løpet av skuleåret.</li> <li>• Sosiale mål på vekeplanen (barneskulen).</li> <li>• Samtalar i klassane.</li> <li>• Skulehelsetenesta har faste dagar på skulen.</li> <li>• Skulehelsetenesta kan hjelpa enkeltelevar/klassar som treng oppfølging.</li> <li>• Oppstilling før elevane går inn/gå inn på rekke/vente på tur (barneskulen).</li> <li>• Viktige observasjonar vert dokumenterte og leverte til kontaktlærar og sosialrådgjevar.</li> <li>• Aktivitetar i friminutt organiserte av lærar og elevråd (ungdomsskulen).</li> <li>• Faste oppstartsprosedyrar i klasserommet (t.d. handhelsing).</li> <li>• Vaktordningar i friminutta.</li> <li>• Reglar for friminutta.</li> <li>• Prosedyrar rundt garderobesituasjonar, aktivitetar og arrangement.</li> <li>• Nettvett og rus er tema i klassane.</li> <li>• Folkehelsekongress på ungdomsskulen annakvart år.</li> <li>• UngData-undersøking kvart tredje år.</li> </ul>	Alle tilsette	Rektor/ Inspektør/ Sosiallærer/ Alle tilsette
Heile året	<p>Elevrådet :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane sitt talerøyr</li> <li>• Faste møte med drøftingar</li> <li>• Referat til leiinga som skal fylgjast opp</li> <li>• Representert i SU/SMU</li> <li>• Skulehelsetenesta deltek minst ein gong pr. halvår</li> </ul>	Elevrådet	Rektor/ Kontaktlærer Elevrådet

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sosiale tilstellingar for klassen</li> </ul>	Foreldre- kontaktane	Foreldre- kontaktane
<b>I løpet av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kartlegging av relasjonen til elevane, t.d. gjennom relasjonsblink.</li> </ul>	Kontaktlærar	Kontaktlærer
<b>TID</b>	<b>PLANLAGDE TILTAK</b>	<b>KVEN</b>	<b>ANSVAR</b>
<b>AUGUST</b>	<p>Planleggingsdagar før skulestart:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Opplæring og informasjon til alle tilsette om opplæringslova kap. 9a, skulen sin plan for trygt og godt skulemiljø, «Mitt valg!», ordensreglementet og krisepermen (kriseportalen.no)</li> <li>Forventningar og krav til den tilsette.</li> <li>Gjennomgang av inspeksjonsordninga.</li> <li>Felles forståing i personalet.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>Laga felles klassereglar.</li> <li>Elevane blir orientert om opplæringslova kap. 9a, plan for eit trygt og godt skulemiljø og ordensreglement.</li> </ul>	<p>Alle tilsette</p> <p>Alle elevar og kontaktlærar</p> <p>Kontaktlærar</p>	<p>Rektor/ Inspektør/ Sosiallærer/ Inspektør</p> <p>Rektor /inspektør</p> <p>Kontaktlærer</p>
	<b>SEPTEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Felles foreldremøte på 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8. -10. trinn: Føresette blir orientert om kap. 9a, ordensreglement og skulen sin plan for trygt og godt skulemiljø. Ein visar til kor planen ligg på heimesida til skulen.</li> <li>Foreldreprogrammet «5x15» på foreldremøte på 2. trinn og 8.-10. trinn.</li> <li>Gjennomgang av opplæringslova kap. 9a, ordensreglement og plan for trygt og godt skulemiljø i elevrådet, FAU og skulemiljøutval.</li> <li>Skulehelsetenesta kjem i klassane og presenterar seg og tilbodet sitt.</li> <li>Evaluering av «plan for trygt og godt skulemiljø».</li> </ul>	<p>Rektor/ Inspektør/ Kontaktlærar/ Foreldre- kontaktar</p> <p>Skulehelsetenesta/ Barnevern/ SLT- og folkehelse- koordinator</p> <p>Møter med personalet, elevrådet, FAU og skulemiljø- utvalet</p> <p>Skulehelsetenesta</p> <p>Rektor Alle tilsette</p>

<b>OKTOBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ikkje-anonym spørjeundersøking om klassemiljø og mobbing.</li> <li>Utviklingssamtalar.</li> <li>Gjennomføring av foreldreundersøkinga i samband med utviklingssamtalane.</li> </ul>	<p>Alle klassar frå 3.-10. trinn</p> <p>Kontaktlærer/ Føresette/ Elev</p> <p>Føresette</p>	<p>Kontaktlærer</p> <p>Kontaktlærer</p> <p>Rektor / Kontaktlærer</p>
<b>TID</b>	<b>PLANLAGDE TILTAK</b>	<b>KVEN</b>	<b>ANSVAR</b>
<b>NOVEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføring av elevundersøkinga.</li> </ul>	5.-10. trinn	Rektor/ kontaktlærarane
<b>DESEMBER</b>			
<b>JANUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Startar plan for overgang barnehage – skule (sjå eigen plan).</li> <li>Startar plan for overgang barneskule – ungdomsskule (sjå eigen plan).</li> </ul>	Rektor/ Inspektør/ Aktuelle kontaktlærarar	Rektor/ Inspektør
<b>FEBRUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ikkje-anonym spørjeundersøking om klassemiljø og mobbing.</li> </ul>	Alle klassar frå 3.-10. trinn	Kontaktlærer
<b>MARS</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Elev- og utviklingssamtalar.</li> </ul>	Kontaktlærer/ Føresette/ Elev	Kontaktlærer
<b>APRIL</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planlegge classesamansetjing neste skuleår knytt opp til trygt og godt skulemiljø.</li> </ul>	Rektor/ Inspektør/ Kontaktlærarar	Rektor
<b>MAI</b>			
<b>JUNI</b>			



# PLAN/ÅRSHJUL FOR MILJØFREMJANDE TILTAK VED HJELMELAND SKULE

TID	PLANLAGDE TILTAK	KVEN	ANSVAR
Heile året	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulike turneringar i friminutta, eks. fotball, sjakk, bordtennis.</li> <li>• Ulike aktivitetar og eller småkurs i friminutta.</li> <li>• Skulen har eigen idebank for sosialt fremjande aktivitetar både i klasserommet og ute i friminutta.</li> <li>• «Bli kjent-leiker» (barneskulen).</li> <li>• Venegrupper (barneskulen).</li> <li>• Hemmeleg ven (barneskulen).</li> <li>• Klassefriminutt/fellesfriminutt med ulike aktivitetar (barneskulen).</li> <li>• "Runden" i skogen (elevane er ansvarleg for å springe saman med nokon, eller i ei lita gruppe).</li> <li>• Vennebank</li> </ul>	Alle tilsette	Sosiallærer/ Alle tilsette
I løpet av året	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påske og juleturnering i idrettshallen.</li> <li>• Aktivitetsdag ute i august og juni.</li> <li>• 8.trinn på overnattingstur.</li> <li>• Leirskule på 8.trinn.</li> <li>• Fellessamlingar i mediateket på barneskulen for 1.-7.trinn (ein gong i månaden).</li> <li>• Fellessamlingar i mediateket på ungdomsskulen for 8.-10.trinn.</li> <li>• Leseprosjekt (barneskulen).</li> <li>• Korslaget 1.-4. trinn.</li> <li>• Fadderordning (1.-2 trinn og 6.-7.trinn).</li> <li>• Tur til biblioteket.</li> </ul>	Kontaktlærer, lærarar og miljøarbeidarar	Rektor
<b>AUGUST</b>			
<b>SEPTEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Overnattingstur</li> <li>• Aktivitetsdag/ tur i nærområdet</li> <li>• Fellestur</li> </ul>	8. trinn  8.-10. trinn  1.-4.trinn og 5.-7.trinn	Gymlærerane  Lærerane på u-skulen  Lærerane på barneskulen

<b>OKTOBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redd-barna-dag: 1.-7.trinn har opplegg på skulen. 8.-10.trinn har arbeidsdag.</li> </ul>	1.-10. trinn	
<b>NOVEMBER</b>			
<b>DESEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lucia-markering (barneskulen)</li> <li>• Juleball 8.-10. trinn</li> <li>• Turnering i idrettshallen 5.-7. trinn og 8. - 10.trinn</li> <li>• Juleverkstad (barneskulen)</li> </ul>	Alle	Alle
<b>JANUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldremøte: Informasjon om vidaregåande skule, for å trygge foreldre i rolla som rettleiarar for ungdommane sine opp i mot val som skal gjerast.</li> </ul>	10.trinn	Rådgjevar
<b>FEBRUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skitur til Bjødnabu (barneskulen)</li> </ul>		
<b>MARS</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påskelunsj</li> </ul>		
<b>APRIL</b>			
<b>MAI</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Besøksdag nye 8. trinn: Dei nye elevane får ein dag på skulen med omvisning i lag med dagens 8. klassingar. Lærarar frå avgjevarskulane er med.</li> </ul>	Kontakt- lærarar åttande	Kontaktlærar ar åttande
<b>JUNI</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 8. og 9. trinn har aktivitetsdag/turdag når 10.trinn har munnleg eksamen.</li> <li>• Aktivitetsdag for 1.-7.trinn og 8.-10.trinn.</li> </ul>	8. og 9. trinn  1.-10. trinn	Teama

## PLAN/ÅRSHJUL FOR MILJØFREMJANDE TILTAK VED FISTER SKULE

TID	PLANLAGDE TILTAK
<b>Heile året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Venegrupper.</li> <li>- Hemmeleg ven.</li> <li>- Venebenk</li> <li>- Ulike konsertar med den kulturelle skulesekken.</li> <li>- Fellessamlingar i mediateket måndag og fredag.</li> <li>- Fadderordning (1.-2 trinn og 6.-7.trinn).</li> </ul>
<b>I løpet av året</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leseprosjekt</li> <li>- Skidag/ skeisedag</li> <li>- Tur til biblioteket.</li> <li>- Elevturnering med personalet.</li> </ul>
<b>AUGUST</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fellestur til Engjavika</li> </ul>
<b>SEPTEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Uteaktivitar - aktivitetsdag</li> </ul>
<b>OKTOBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Hjelpeaksjon</li> </ul>
<b>NOVEMBER</b>	
<b>DESEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Luciamarkering</li> <li>- Juleverkstad</li> <li>- Nissetur</li> <li>- Juletefest</li> <li>- Julegudsteneste</li> </ul>
<b>JANUAR</b>	
<b>FEBRUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Karneval</li> </ul>
<b>MARS</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Matematikkens dag</li> <li>- Innskriving av nye førsteklasingar</li> <li>- Elevkveld</li> </ul>
<b>APRIL</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gul fest/ påskefest. Fellesmåltid/ grilling + leikar før påskeferien.</li> </ul>
<b>MAI/JUNI</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mjuk skulestart for nye ungdomsskuleelevar.</li> <li>- Mjuk skulestart for nye førsteklasingar.</li> <li>- Felles aktivitetsdag for heile kommunen.</li> <li>- Det store korslaget.</li> </ul>





# PLAN/ÅRSHJUL FOR MILJØFREMJANDE TILTAK VED ÅRDAL SKULE

TID	PLANLAGDE TILTAK	KVEN	ANSVAR
Heile året	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulike turneringar i friminutta, eks. fotball, sjakk, bordtennis.</li> <li>• Ulike aktivitetar og eller småkurs i friminutta.</li> <li>• Skulen har eigen idebank for sosialt fremjande aktivitetar både i klasserommet og ute i friminutta.</li> <li>• «Bli kjent-leiker»</li> <li>• Venegrupper</li> <li>• Hemmeleg ven</li> <li>• Klassefriminutt</li> <li>• Vennebenk</li> <li>• "Runden" på idrettsbanen (elevane er ansvarleg for å springa saman med nokon, eller i ei lita gruppe).</li> <li>• Leikekasse i kvart klasserom til bruk i friminutta.</li> <li>• Trivselsleiarprogrammet</li> </ul>	Alle tilsette	Alle tilsette
I løpet av året	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påske og juleturnering i gymsalen.</li> <li>• Aktivitetsdag ute i august og juni.</li> <li>• Fellessamlingar for 1.-7.trinn (ein gong i månaden).</li> <li>• Leseprosjekt (barneskulen).</li> <li>• Korslaget 1.-4. trinn.</li> <li>• Fadderordning (1.-2 trinn og 6.-7.trinn).</li> <li>• Tur til biblioteket</li> </ul>	Kontaktlærer, lærarar og miljøarbeidarar	Rektor
AUGUST	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellestur /samansveisingsturen</li> </ul>	Alle	Alle
SEPTEMBER	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivitetsdag/ tur i nærområdet</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan               <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> <li>•</li> </ul>	1.- 7. trinn	Lærarane Kontaktlærer

<b>OKTOBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redd-barna-dag: 1.-7.trinn har opplegg på skulen i samband med elevkvelden okt/nov</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> </ul>	1.- 7. trinn	Kontaktlærer
<b>NOVEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevkveld på skulen/føresette invitert</li> <li>• SU/SMU-møte</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> </ul>	Alle	Alle Rektor Kontaktlærer
<b>DESEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Turnering i gymsalen 5.-7.</li> <li>• Juleverkstad</li> <li>• Lucia-markering/ Fellessamling etter oppsett plan - Ansvar: 1 av klassane</li> <li>• Felles avslutning til jul</li> <li>• Alternativt opplegg/ skulegudsteneste</li> </ul>	Alle	Alle  Kontaktlærer
<b>JANUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles foreldremøte /aktuelt tema</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> </ul>		FAU/Rektor Kontaktlærer
<b>FEBRUAR</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skitur i nærområdet/Lyngsheia</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> </ul>		Lærarane Kontaktlærer
<b>MARS</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påskelunsj</li> <li>• Matematikkens dag</li> <li>• Innskriving nye elevar</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> </ul>		Lærarane Lærarane Rektor Kontaktlærer
<b>APRIL</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vårsprett</li> <li>• Fellessamling etter oppsett plan <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ansvar: 1 av klassane</li> </ul> </li> </ul>		Lærarane Kontaktlærer
<b>MAI</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppstart førskuleveke 6-åringane</li> <li>• 7. trinn besøksdag u-skulen</li> <li>• Fellessamling – vårdugnad / v/klassane</li> <li>• Foreldredugnad med grilling etterpå</li> </ul>		Lærarane Rektor u-skulen FAU

JUNI	<ul style="list-style-type: none"><li>• Felles sommaravslutning for heile skulen med avslutningsfest for 7. trinn v/klassane</li><li>• Aktivitetsdag for 1.-7.trinn</li></ul>	1.-7. trinn	Teama /rektor
------	---	----------------	------------------